

**Temaplan for  
Barnehageområdet  
Skodje kommune  
2011- 2014**



<b>1. Innleiing.....</b>	<b>4</b>
1.2. Planføresetnadar .....	5
1.3 Planprosessen.....	5
<b>2 . Statlege, regionale og kommunale styringssignal .....</b>	<b>5</b>
2.1 Statlege styring .....	5
2.2 Regionale styring: .....	8
2.3 Kommunal styring.....	8
2.3.1 Kommuneplanen i Skodje sine mål og føringar:.....	8
2.3.2 Barne og ungdomsplan for Skodje kommune sine mål og føringar:.....	8
2.3.3 Lokal rammeplan og kompetanseplan for barnehagane i Skodje kommune .....	9
2.3.3 Økonomiplan 2011-2014:.....	10
2.3.4 Visjoner for barnehagane i Skodje kommune .....	11
<b>3. Status og utviklingstrekk.....</b>	<b>11</b>
3.1 Barnehagetilbodet i Skodje kommune - kort historikk og noverande struktur .....	11
3.2.. Dekningsgrad per dato og forventa bruk av barnehageplassar i framtida .....	11
3.3. Utbyggjingsområde.....	12
3.3.2 Utvikling i talet på innbyggjarar i aldersgruppa 0-5 år per region ( pr 1. januar).....	13
3.3.3 Framskrivning av folketal i aldersgruppa 0-5 år i perioden 2000-2030.....	14
3.3.4 Utvikling knytt til boligbygging fordelt på grunnkrins i perioden 2004-2010 .....	14
3.3.5 Drøfting av utbyggingsbehov med med bakgrunn i prognoser for folketalsutvikling.....	15
<b>4. Økonomi og Driftsform.....</b>	<b>17</b>
4.1 Finansiering av barnehagar .....	17
4.2 Kommunen sitt ansvar for ikkje-kommunale barnehagar.....	18
4.3 Driftseffektive barnehagar .....	19
4.4 Kommunale kostnader per barnehageplass i Skodje kommune samanlikna med andre kommunar .....	19
4.5 Kommunal kontra privat drift.....	20

4.6 Kartlegging av den kommunale bygningsmassen av eksisterande barnehagar, samt eventuell ledig bygningsmasse.....	20
Skodje barnehage.....	20
Full utnytting av opphaldsareal ( mellombels godkjenning for 34 plassar).....	20
Valle barnehage.....	20
Full utnytting av opphaldsareal.....	20
Full utnytting av opphaldsareal ( mellombels godkjenning for 20 plassar).....	20
Plassebakken .....	21
Brusdal skule.....	21
I bruk til skuledrift fram til 2013 .....	21
<b>5. Kvalitet i barnehagen.....</b>	<b>21</b>
5.1 Kvalitetsindikatorar henta frå kommune- stat rapporteringa( KOSTRA).....	21
5.2 Resultat frå brukarundersøkingar:.....	22
<b>Tilleggsspørsmål knytt til geografisk plassering:.....</b>	<b>23</b>
5.3 Resultat frå medarbeiderkartleggingar .....	24
5.4 Resultat frå kommunen sitt tilsyn med barnehagar .....	25
5.5 Bemanningsnormer .....	26
5.6 Ein barnehage for alle.....	27
5.7 Brukartilpassa barnehagar.....	28
<b>Temaplanen sitt innspel til budsjett og økonomiplanprosess .....</b>	<b>29</b>
<b>Sentrale drøftingsspørsmål kring kvalitet og kapasitet: .....</b>	<b>31</b>

## 1. Innleiing.

Kommunen er lokal barnehagemyndigheit og skal sikre eit heilskapleg barnehagetilbod som er av god kvalitet og tilpassa lokale forhold og behov. Kommunen har ansvar for at det er tilstrekkeleg med barnehageplassar slik at alle som har lovfesta rett, får barnehageplass. Barnehagemyndigheit har og ansvar for godkjenningar og rettleiing og skal sjå til at barnehagane vert drivne i samsvar med gjeldande regelverk.

Frå 01. januar 2009 vart det gitt lovfesta rett til barnehageplass til alle som ønskjer det.

Retten til barnehageplass er heimla i Barnehagelova § 12 a, "Rett til plass i barnehage":  
*"Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter. Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt. Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen. "*

"Rett til barnehageplass" inneber at alle som retten gjeld, har rett til plass i ein barnehage som er godkjend etter barnehagelova. Kommunen bør og ha eit tilstrekkeleg tilbod av heil og deltidsplassar, og bør har opningstider som stettar brukarane sine behov. Dette betyr at kommunen ikkje kan tilby ein deltidsplass til ein søkjar som ønskjer heiltidsplass. Unnataket er om dette berre gjeld for ein kortare periode.

For at retten til barnehageplass skal vere gjeldande må følgjande føresetnader vere til stades:

- rett til barnehageplass gjeld born mellom 1-5 år
- barnet må ha fylt eitt år før 31. august ved gjeldande hovudopptak
- må ha søkt om barnehageplass innan fristen for hovudopptaket i opptaksåret
- må ha ynskje om plass innan 15. september i opptaksåret
- må vere busett i Skodje kommune

Eit godt barnehagetilbod skal tilfredstille fleire behov. Barnehagen skal ikkje berre vere eit utdanningspolitisk eller sosialpolitisk virkemiddel. Barnehagar vert og ofte nemnt som ein del av den infrastrukturen som er naudsynt for ei kommune når det gjeld å vere ein attraktiv bukommune, og for å kunne tiltrekke seg næringsverksemd og kvalifiserte folk. Barnehagelova og rammeplan for barnehagen sitt innhald definerer barnehagen sitt samfunnsmandat til både å vere ei pedagogisk verksemd og eit velferdstilbod for småbarnsforeldre. Skodje kommune nådde tidleg målet om full barnehagedekking. Dei siste åra har vi likevel utfordringar med å oppretthalde dette ved endra brukarbehov mellom anna ved at familiar søker barnehageplass gjennom heile året.

## 1.2. Planføresetnadar

Barnehageplan for Skodje kommune er utarbeida i samsvar med planprogrammet og skal gje eit godt vedtaksgrunnlag for tilpassing og utvikling av barnehageområdet i kommunen.

Planen skal vere ei orientering til innbyggjarar, foreldre og politikarar om barnehagane sine satsingsområde. Den skal og vere ei kvalitetserkæring på korleis barnehagane i Skodje skal framstå.

Planen skal:

- omsetje målsetjingar i kommuneplanen til visjon for barnehagane i Skodje
- omsetje nasjonale målsetjingar for barnehageområdet til lokal praksis
- avklare driftsøkonomiske konsekvensar og framtidige behov
- avklare behovet for nyetablering i planperioden
- avklare lokaliseringsbehov for nye plassar

## 1.3 Planprosessen

Kommunen gjennomfører kontinuerleg ulike typar planlegging som ein del av si ordinære verksemd. Barnehageplanen er utarbeidd innanfor det vi i Skodje kommune definerer som temaplanar. I planprosessen er involvering og medverknad frå ulike interessentar viktig. Innspela frå ulike grupper skal føre til å betre kunnskap og forståing hjå planleggjarar og politikarar. Det har vore gjennomført administrative og politiske drøftingar kring innhaldet i planen. Planen har vore ute til høyring i medverknadsorgana i barnehage og gjennom offentleg utlysning via Skodje kommune si heimeside.

## 2 . Statlege, regionale og kommunale styringssignal

### 2.1 Statlege styring

Barnehagane er underlagt føringar frå Kunnskapsdepartementet og er ein del av utdanningssystemet. Lov om barnehagar og rammeplan for barnehagar er revidert og krav om barnehageplan er stadfesta. Barnehagelova er gjeldande frå 01. 01. 2006 og angir dei øvste juridiske rettsreglane som barnehagane i Noreg vert styrt etter.

Lova regulerer alle typar barnehagedrift, både formål, innhald og utforming. Barnehagen sitt samfunnsmandat er å tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø

som er til barns beste. Forskrifter til barnehageloven og rundskriv regulerer mellom anna barnehagen sitt innhald og oppgåver, bemanning, familiebarnehagedrift, opptak til barnehageplass, foreldrebetaling og tildeling av offentleg tilskot til ikkje kommunale barnehagar.

Barnehagen sitt formål og innhald, § 1 er endra gjeldande frå 1. august 2010 og lyder slik:

*”Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.”*

Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver er ei forskrift til barnehagelova og gjer greie for barnehagen sitt samfunnsmandat. Barnehagen sitt innhald skal byggje på eit heilskapleg læringssyn, der omsorg, leik og læring er sentrale delar. I tillegg er sosial og språklig kompetanse samt sju fagområde viktige deler av barnehagens læringsmiljø.

Planen framhevar verdien av dei vaksne sine haldningar, kunnskap og evner til å møte, forstå og oppdra barn til aktiv deltaking i et demokratisk samfunn. Planen har både eit her og no- og et framtidsperspektiv. Rammeplanen understrekar barnehagen sine særegne trekk som pedagogisk verksemd. Ei konkretisering av den einskilde barnehagen sitt arbeid skal nedfellast i årsplanen, som vert fastsett av barnehagen sitt samarbeidsutval.

Rammeplanen skal tilpassast varierte driftsformer og lokale forhold og rammetilhøve. Det er ønskeleg at kommunen og private barnehageeigarar samarbeider om retningslinjene for lokal tilpassing. I Skodje kommune er det utarbeida ein lokal rammeplan som tek vare på dei lokale tilpassingane og satsingsområda.

Målet med rammeplanen er å gi styrar, pedagogiske leiarar, fagarbeidarar og assistentar ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagens verksemd. Rammeplanen gjev og informasjon til foreldre, eigar og tilsynsmyndighet.

Rammeplanen rettar seg difor mot:

- barnehagens personale, som ein reiskap for planlegging, dokumentasjon og vurdering
- foreldre/føresette, for å gi innsikt i barnehagens verksemd og høve til medverknad og medbestemmelse i samsvar med barnehageloven § 4

- barnehageeigarar, som kan fastsette retningsliner for lokal tilpassing av rammeplanen (§ 2) og som har ansvar for at den einskilde barnehage har dei naudsynte rammene dei treng
- kommunen, som har ansvar for å føre tilsyn med at alle barnehagane i kommunen drive ei tilfredsstillende pedagogisk verksemd i samsvar med lov og forskrifter (§ 16).

Rammeplanen kap. 3 gjev retningsliner for kva for fagområde barn i barnehage skal få grunnleggande kunnskap om, og korleis personalet skal arbeide med emna:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknikk
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- Tal, rom og form

I tillegg set stortingsmelding 41, ”kvalitet i barnehagen, og stortingsmelding nr 16 ”...og ingen sto igjen..., Tidlig innsats for livslang læring” stort fokus på barnehagen som ein læringsarena og tidleg innsats for livslang læring.

Andre styringssignal som er vesentleg for barnehagane er:

- Forskrift om miljøretta helsevern for barnehagar og skular
- Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr
- NOU 2009:18 Rett til læring
- NOU 2010: Mangfold og mestring. Flerspråklige barn, unge og viksne i opplæringssystemet
- NOU: 2010: Med forskertrang og lekelyst
- Ot.prp. 201: Full barnehagedekning, likeverdig og høy kvalitet i alle barnehager, styrke barnehagen som læringsarena, lav pris

Dei statlege styringssignala har som mål å sikre at:

- Alle som har lovbestemt rett til barnehageplass får oppfylt retten

- Alle barnehagar har likeverdig og høg kvalitet
- Tidleg intervensjon og heilskapleg tiltakskjede vert ivareteke
- Barnehagar inngå i og utgjer ein del av det heilskaplege læringsløpet

## 2.2 Regionale styring:

Den regionale barnehagepolitikken vert gjennomført ved at Fylkesmannen medverkar til å nå dei nasjonale måla for barnehagepolitikken.

Dette vert i praksis utført ved at fylkesmannen:

- gjennomfører tilsyn
- gi generell informasjon og rettleiing
- sikre rettar gjennom behandling av klagar og andre enkeltsaker
- leggje til rette for og vere pådrivar i arbeidet med å betre kvaliteten
- forvalte statlege tilskot
- medverke til tverrfagleg samarbeid

## 2.3 Kommunal styring

### 2.3.1 Kommuneplanen i Skodje sine mål og føringar:

- *Skape eit utviklande og trygt oppvekst- og læringsmiljø der alle kjenner ansvar og omsorg for seg sjølv og andre.*
- *Sikre kulturell identitet utifrå lokalt særpreg og impulsar utanfrå.*

Delmål for barnehagane:

- *Gje eit pedagogisk tilrettelagt utviklings- og aktivitetstilbod til førskuleborn.*
- *Arbeide for å innfri kravet om lovfesta rett til barnehageplass.*

Middel/tiltak:

- *Arbeide med ein felles kommunal barnehageplan som må sjåast i samanheng med skulane sin*
- *verksemdsplan og vere basert på heilskapstenking.*
- *Skaffe erfaringar med barnehageavdelingar lokalisert til dei fådelte skulane.*
- *Gi tilbud om barnehageplass til alle barn over eitt år.*

### 2.3.2 Barne og ungdomsplan for Skodje kommune sine mål og føringar:



Hovudmål : *Skodje skal vere ein god kommune å vekse opp i*

Delmål : *Barn og unge skal få høve til å utvikle positiv identitet ved å vekse opp i Skodje kommune*

- gjennom å få oppleve å høyre til, få medverke og oppleve å meistre på alle arenaer
- gjennom å oppleve samhald lokalt, nasjonalt og internasjonalt
- gjennom at barnehage og skule legg til rette for gode naturopplevingar i ulike delar av kommunen

### 2.3.3 Lokal rammeplan og kompetanseplan for barnehagane i Skodje kommune

Lokal rammeplan for barnehagane i Skodjebyggjer på sentrale føringar og lokalt tilpassa satsingsområde. Planen vert rullert i samband med årleg evaluering av den heilskaplege kvaliteten i barnehagane. Dette omfattar evaluering av tilsynsrunde, status i kompetansehevingsarbeid, signal om sentrale satsingsområde, medarbeider og brukarundersøkingar.

I gjeldande plan er satsingsområda knytt til :

Verdival	<ul style="list-style-type: none"><li>• Medverknad,</li><li>• likeverd</li><li>• Inkluderande fellesskap med plass til det einskilde barnet</li></ul>
Omsorg, leik og læring:	<ul style="list-style-type: none"><li>• Sosial og språkleg kompetanse,</li><li>• Barnehagen som arena for læring og danning</li><li>• Læringssyn</li></ul>
Fagområda.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kropp bevegelse og helse</li><li>• Natur-miljø og teknikk</li><li>• Kommunikasjon språk og tekst</li><li>• Tal rom og form,</li><li>• Etikk religion og filosofi,</li><li>• Kunst kultur kreativitet, nærmiljø og samfunn</li></ul>

Kompetanseheving skal knyttast til satsingsområda og har per 2013: fokus på:

- Språkutvikling ( førebuande lese- og skriveopplæring)
- Barnehagen som læringsarena
- Medverknad gjennom prosjekt
- Vennskap og tilhøyrihet
- Utdanning av førskulelærarar i egne rekker
- vidareutdanning i barnehagepedagogikk
- fagarbeidarutdanning

Utviklingsprosjekt i dei ulike barnehagane på områda:

- Pedagogisk dokumentasjon som vurderingsgrunnlag
- Kvardagsspråk
- Språkrom
- Planleggingsmodell

### 2.3.3 Økonomiplan 2011-2014:

I økonomiplanen for 2011-2014 er følgjande høve omtalt og vedteke:

- Foreldrebetalinga i barnehage vert ført vidare på same nominelle nivå som i 2010. For foreldra vil eit heildags tilbod maksimalt koste kr. 2.330,- pr. månad og kr. 25.630,- pr. år.
- Minimumsforpliktinga til ikkje-kommunale barnehagar er auka frå 85 til 88 prosent. Dette har ingen konsekvens for Skodje kommune fordi kommunen gir tilskot etter prinsippet om full kostnadsdekning. For 2011 må kommunane lage ein ny modell for utrekning av kommunalt tilskot til private barnehagar.
- Tidlegare år har Skodje kommune hatt eit betalingsregulativ der foreldrebetalinga var ulik for barn over og under 3 år. Som eit resultat av innføring av makspris og den auka statlege finansieringa er dette eit prinsipp ein nå går bort frå, og Skodje kommune har innført lik pris for alle barn i kommunal barnehage. Makspris gjeld da for barn med full plass. For barn med deltids plass blir det gjeve reduksjon i pris tilsvarande 0,85% av den prosentvise reduserte plassen. Ein 50% plass vil då koste 57,5% av maksprisen.
- Driftsramma til barnehagane er ikkje kompensert med forventa løns- og prisvekst. I tillegg forslår rådmannen å redusere driftsramma med 1% i høve 2010.
- Stette barnehage ligg inne med 1 mill i 2011 til forprosjekt for bygging av ny barnehage. I 2012 er det sett av 16 million i økonomiplanen til å gjennomføre utbygginga.

#### 2.3.4 Visjoner for barnehagane i Skodje kommune

- Ein barnehage med høg kvalitet og fornøgde brukarar
- Alle skal få det barnehagetilbodet dei ønskjer seg

### 3. Status og utviklingstrekk

#### 3.1 Barnehagetilbodet i Skodje kommune - kort historikk og noverande struktur

- 1979 Oppretting av privat drifta barnehage i Skodje
- 1983 Den første kommunale barnehagen vart oppretta.
- På slutten av 1980 – barnehageutbygginga tek fart i Skodje kommune.
- Frå 1995 og fram til 2003 var lokalisering og struktur stabil.( fire kommunale og ein privat barnehage)
- 2003 blei Skodje og Prestemarka barnehage slått saman .
- To av barnehagane (Stette og Valle) er i felles resultatdeling med skule, der rektor også er styrar i barnehagen

#### 3.2.. Dekningsgrad per dato og forventa bruk av barnehageplassar i framtida


Fylkesmannen definerer dekningsgraden i ein kommune ut ifrå kor mange som har barnehageplass i forhold til fødselstala i kommunen. Feilkjelda her vert alle dei som ikkje har barnehageplass – om dei faktisk har behov for og ønskjer plass i barnehage. Skodje har per oktober 2010, 82% av barn i alderen 1-5 år i barnehage. Tabellen under syner utviklinga på dette området di siste 10 åra. Dei to siste åra har delen av barn i aldersgruppa 1-5 år som går i barnehage gått ned frå 86.7 % til 82%. Dette kan vere naturlege variasjonar, men er mest truleg knytt til eit udekket behov for barnehageplassar. Dette ser vi av ventelistene på barnehageplass som opparbeidar seg i løpet av året. Sidan den lovfesta retten til barnehageplass er knytt til:

- barnet må ha fylt eitt år før 31. august ved gjeldande hovudopptak
- må ha søkt om barnehageplass innan fristen for hovudopptaket i opptaksåret
- må ha ynskje om plass innan 15. september i opptaksåret

vil ikkje ei venteliste på barnehageplass vere lovbrøt frå kommunen si side. Den er like klart eit tydeleg signal på eit udekket behov for småbarnsfamiliar som treng barnehageplass.

I Skodje kommune har ein i tidlagare barnehageplan valt å definere full behovsdekning som at ”dei som ønskjer det får eit tilbod om barnehageplass”. I tråd med denne definisjonen, har vi

stort sett hatt full dekning frå midten av 90-talet og fram til og med 2010. Per dato ; 01. 10. 2011, har vi 32 barn busett i Skodje kommune på venteliste.



### 3.3. Utbyggingsområde

Som grunnlag for aktuelle utbyggingsområde må det avklarast kvar det er behov for nye barnehageplassar med bakgrunn i:

- Utviklinga i talet på plassar fordelt på skulekrins i perioden 2005-2011
- Utvikling i talet på innbyggjarar i aldersgruppa 0-5 år per region i perioda 2006-2011
- framskriving av folketal fordelt på skulekrins i aldersgruppa 0-5 år i perioden 2000-2030

### 3.3.1 Utviklinga i talet på barnehageplassar fordelt på skulekrins i perioda 2005-2011

Utviklinga i talet på barnehageplassar frå 2005 til 2011 i Skodje kommune:

Barnehage	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	Mellombelse plassar
Valle	24	24	48	59	58	58	64	
Stette	22	22	36	40	40	42	42	20
Skodje	60	84	85	97	106	114	139	34
Plassebakken	42	42	72	84	84	102	105	
<b>Totalt</b>	<b>148</b>	<b>170</b>	<b>241</b>	<b>280</b>	<b>288</b>	<b>316</b>	<b>346</b>	<b>54</b>

\*Dei mellombelse plassane er inkludert i talet på plassar ved Skodje bhg og Stette bhg

Det vert gjennomført eitt hovudopptak til barnehageplass med søknadsfrist 1. mars. Ved ledige plassar undervegs i året vert det gjennomført opptak. Ved hovudopptaket til barnehageåret 2011/2012 fekk alle barn som oppfyller barnehagelova sine kriterium om rett til barnehageplass, tilbod om plass. Dette innebar at vi frå og med hausten 2011 måtte auke talet på plassar i mellombelse lokale frå 20 til 50. 20 av plassane vert drivne i leigde, mellombels godkjende lokale, ved Stette grendahus. 34 plassar vert frå og med hausten 2011 drivne i mellombelse godkjende modulbygg/brakkar knytt til Skodje barnehage.

### 3.3.2 Utvikling i talet på innbyggjarar i aldersgruppa 0-5 år per region ( pr 1. januar)

Region	2001	2006	2011
Valle	42	37	37
Glomset	9	9	16
Brusdal	15	19	24
<b>Sum skulekrins-Valle</b>	<b>66</b>	<b>65</b>	<b>77</b>
Stette	22	29	44
<b>Sum skulekrins-Stette</b>	<b>22</b>	<b>29</b>	<b>44</b>
Skodje indre	59	52	83
Skodje ytre	50	52	60

Skodjevåg	33	21	23
Engeset	13	16	21
Fylling	0	4	0
Grindvik	64	31	36
Utvik	13	9	16
<b>Sum skulekrins- Skodje</b>	<b>232</b>	<b>185</b>	<b>239</b>
Totalt kommune	320	279	360

### 3.3.3 Framskriving av folketal i aldersgruppa 0-5 år i perioden 2000-2030

Med utgangspunkt i:

Høg nasjonal vekst: høg fruktbarhet, høg levealder, middels innanlands mobilitet og høg nettoinnvandring

Denne framskrivinga er ikkje gjeve på regions eller skulekrinsnivå. Utviklinga knytt til grunnkrinsane må framskrivast på bakgrunn av teikn i marknaden og politiske styringssignal.

Aldersgruppe/ År	2010	2011	2015	2020	2025	2030
0-5 år	338	360	390	428	462	485

### 3.3.4 Utvikling knytt til boligbygging fordelt på grunnkrins i perioden 2004-2010

Årstal	Skodje sentrum	Valle- Svorta	Stette	Engesetdal- Fylling	Glomset	Brusdal	Utvik
2004	20	5	3	0	2	0	0
2005	18	3	7	2	0	0	0
2006	26	4	12	1	0	0	0
2007	40	2	2	0	0	0	0
2008	25	0	1	0	1	0	0
2009	26	2	14	3	2	0	1
2010	22	8	4	0	0	0	0
2011	26	16	4	0	0	0	

I Skodje kommune legg arealplanen like føringar for utbygging i alle krinsar. Marknaden styrer i stor grad utviklinga, og ein ser av historikken at sentrumsområdet har ei jamn utbyggingstakt, medan Valle og Stette har periodevis kraftig prosentvis auke, medan dei andre grunnkrinsane har liten eller ingen utbyggingsaktivitet

### 3.3.5 Drøfting av utbyggingsbehov med med bakgrunn i prognoser for folketalsutvikling

Vurdering av behovet for nye plassar i planperioden tar utgangspunkt i prognose for talet å barn i alderen 1- 5 år knytt til skulekrins. Denne prognosen bygger på ei befolkningsframskriving for kommunen knytt til som er basert på vidare sterk vekst.

Ei fordeling av folketalsauken mellom skulekrinsane byggjer på:

- historiske tal
- historiske tal knytt til boligbygging
- tilrettelagde område for boligbygging/vurdering av marknaden
- vurdering av gjennomsnittleg dekningsgrad ( Kor mange % i aldersgruppa kjem til å etterspørje plass)
- Tek utgangspunkt i at 45% av plassane er under 3 år ( eitt barn tel som to plassar)
- Tek utgangspunkt i at bruk av deltidsplassar gjer at eit barn i snitt nyttar 0,8 % plass

Skulekrins og årstal	Framskrivning av folketalet i aldersgruppa 0-5 år	Behov for barnehageplassar
Skodje sentrum 2011 66,5 % av auken fram mot 2020		
2011	239 ( per 1. januar )	235 ( 244 per dato, 34 mellomb)
2015	258	254
2020	283	280
Valle 21.3% av auken fram mot 2020		
2011	77	75 (64 per dato)
2015	84	82
2020	91	89

Stette 12.2 % av auken fram mot 2020		
2011	44	43 ( 42 per dato, 24 mellombelse)
2015	48	46
2020	53	48

Barn i alderen 0-5 år\*0,85=X1\*0,44=X2+X1=X3\*0,8= Berekna behov for barnehageplass

Tal for 2011 er lagt inn for å teste ut korleis dei ulike vurderingane bak formelen stemde med dei faktiske tala. Denne testen synte at for Valle sin del vart det utrekna behovet for barnehageplassar høgare enn det faktiske talet på plassar per 15. august 2011. I Skodje sentrum viser utrekninga det motsette; behovet for plassar var høgare enn det talet formelen ville ha rekna seg ram til. Dette seier noko om kor vanskeleg det er å treffe presist når det gjeld å anslå eit behov knytt til dei ulike krinsane. Variasjonar her vil vere knytt til:

- Anna samansetjing over og under 3 år enn det formelen ligg inne med.
- Lågare etterspurnad enn 85% av barna i aldersgruppa.
- Fleire deltidsplassar enn det formelen legg inn som grunnlag for berekning

Det er behov for fleire barnehageplassar i Skodje kommune. 54 plassar vert i dag drivne i mellombels godkjende lokale. 20 på Stette, og 34 i Skodje sentrum. Dersom befolkningsveksten fortsett i same takt og etterspurnaden etter barnehageplassar held seg stabil betyr dette at vi i :

- 2015 har behov for omlag 90 fleire barnehageplassar enn det vi har permanente lokale til i dag
- 2020 har behov for omlag 100-110 fleire barnehageplassar enn det vi har permanente lokale til i dag

Framskrivninga over, knytt til skulekrins gjer eit forsøk på å kartlegge kvar plassane vert etterspurd. Det er vedteke ei utbygging på Stette som sikrar at plassane som no vert drivne i mellombelse lokale vert omgjort til permanente barnehageplassar. Vi ser av befolkningsframskrivinga at ein barnehage med omlag 50 plassar vil dekkje etterspurnaden i denne krinsen fram mot 2020.

I sentrum driv vi 34 plassar i mellombelse lokale. Desse er godkjende for to års drift. I desse lokala er det rom for å tilby inntil .....mellombelse plassar.

Ein kan ikkje pårekne at ein til ei kvar tid skal tilby plass på søkjarane sin førsteprioritet. Ved Valle barnehage vil det mest truleg ved neste års opptak bli vanskeleg å tilby plass til alle som ynskjer det. Dei mellombelse brakkøløysingane i sentrum, eller ei eventuell kapasitetsauke ved Plassebakken barnehage kan då avhjelpe situasjonen.



Dei mellombelse plassane i sentrum er godkjende for 2 år. Med tanke på dette, samt på brakkene sin kapasitet bør det i samband med økonomiplanprosessen 2011 leggjast føringar for når og kvar det skal byggjast permanente plassar som erstattar dei mellombelse sentrumplassane.

Med tanke på rasjonell driftsform, brukarane sine ønske om barnehage knytt til nærmiljø sett i samanheng med folketalsframskriving, ser difor ein ny barnehage i sentrum ut til å vere den kvalitetsmessig beste løysinga for flest mulig av våre innbyggjarar .

## **4. Økonomi og Driftsform**

### **4.1 Finansiering av barnehagar**

Barnehageområdet var inntil 1. januar 2011 finansier etter ein 3- delt modell:

- statlege øyremerka midlar
- foreldrebetaling
- kommunal finansiering

Rammefinansiering vart innført frå og med 1. januar 2011 og inneber at hovudtyngda av dei statlege tilskota, dvs ordinært driftstilskot til barnehagar, skjønnsmidlar til barnehagar og tilskot til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne vert innlemma i rammetilskotet til kommunane. Den statlege fordelinga skjer me bakgrunn i ein kostnadsnøkkel som er basert på følgjande kriterium:

- talet på barn i kommunen mellom 3 og 5 år
- barn mellom 1 og 2 år utan kontantstøtte
- utdanningsnivået i befolkninga

Den nye modellen inneber at barnehagane no er finansiert gjennom kommunal finansiering og foreldrebetaling. Følgjande tilskot skal likevel vere øyremerka:

- tilskot for å betre språkforståinga blant minoritetspråklege barn i førskulealder
- investeringstilskot
- tilskot til mellombelse lokale

-øyremerka midlar til kvalitetsutvikling

## 4.2 Kommunen sitt ansvar for ikkje-kommunale barnehagar

Kommunen sitt ansvar for dei ikkje-kommunale barnehagane er nedfelt i barnehageloven §14 *Kommunalt tilskudd til godkjente ikkje-kommunale barnehage* og i Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlig tilskudd til ikkje-kommunale barnehager, §2 *kommunens ansvar*

*Barnehageloven §8* omhandlar kommunen sitt ansvar og plikt til å sørge for at det er nok barnehageplassar for barn under opplæringspliktig alder. *Forskrift om likeverdig behandling* legg føringar som inneber at kommunen skal sørge for at godkjente ikkje-kommunale barnehagar i kommunen vert behandla likeverdig med kommunale barnehagar ved tildeling av offentlig tilskot. Skodje kommunestyre vedtok, 25. januar 2011: ”*Retningslinjer for kommunalt tilskot til private barnehagar i Skodje kommune etter forskrift i rundskriv F-14/2010*”

Prinsippa i den kommunale finansieringa av ikkje-kommunale barnehagar er:

- Kommunen skal fastsetje separate tilskotssatsar for drift og kapital
- Det skal fastsetjast ulike tilskotssatsar for heil plass, barn under og over 3 år
- Tilskotssatsane vert sett utifrå gjennomsnittlege budsjetterte kostnader per heiltidsplass i tilsvarande kommunale barnehage
- Det vert gitt påslag på 4% for administrasjon av det utrekna tilskotet
- For kapitaltilskot skal det fastsettast ein sats per barn med heil plass, uavhengig av alder
- Tilskotet til kapital er basert på reelle gjennomsnittlege kapitalkostnader i tilsvarande kommunale barnehagar eller nasjonale gjennomsnittskostnader fastsett av departementet
- Kommunen kan gi eit ekstra tilskot til kapitalkostnader ti ikkje-kommunale barnehagar med høge kapitalkostnader

Ikkje-kommunale barnehagar kan, med bakgrunn i sine vedtekter, gje tilbod til barn busett i anna kommune. Dersom ikkje-kommunale barnehagar tek inn barn busett i annan kommune, har kommunen rett til å søkje barnet si bustadkommune om refusjon for kostnader til ordinær drift som ikkje vert dekkja av foreldrebetaling og andre offentlege tilskot. Refusjonen skal

basere seg på nasjonale gjennomsnittssatsar for tilskot til driftskostnader og kapitalkostnader fastsett av departementet.

Plassebakken barnehage gjev, i 2011 ikkje tilbod om plass til barn som ikkje er busett i Skodje.

#### 4.3 Driftseffektive barnehagar

Skodje kommune si erfaring med barnehagedrift, samt nasjonale kartleggingar på området, har gitt oss grunnlag til vite noko om effektiv barnehagedrift. Dette er vurdert til å innebere:

- 80-100 barnehageplassar i eitt og same bygg
- Eit barnehagebygg som sikrar fleksibel bruk
- Ei organisering som sikrar fleksibel bruk
- Maksimal utnytting av godkjent leike- og opphaldsareal

#### 4.4 Kommunale kostnader per barnehageplass i Skodje kommune samanlikna med andre kommunar

Kommune	Netto driftsutgifter til barnehagesektoren			Korrigerede brutto driftsutgifter i kroner til kommunale barnehagar per korrigert opphaldstime	Dekningsgrader		
	I prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	Kroner per innbyggjar	Kroner per innbyggjar 1-5 år		1-5 år	1-2 år	3-5 år
1523 Ørskog	3,9	1 977	34 925	54	91,7	86,5	95,6
1524 Norddal	2,9	1 912	32 375	44	88,5	71,1	98,5
1525 Stranda	1,1	444	8 538	42	92,0	77,6	100,0
1526 Stordal	1,3	682	10 250	50	91,2	84,0	95,3
1528 Sykkylven	3,3	1 194	19 187	47	88,9	77,1	97,5

1529 Skodje	2,2	812	10 856	41	82,0	73,8	89,0
1531 Sula	2,2	733	10 070	46	89,1	74,8	98,9
1532 Giske	3,4	1 250	16 670	51	89,6	77,8	96,0
1534 Haram	2,4	954	16 400	47	91,1	81,5	97,4

#### 4.5 Kommunal kontra privat drift

Kommunen har ansvar for å tilby eit tilstrekkeleg tal barnehageplassar. Full barnehagedekning inneber at barnet sin rett til barnehageplass vert ivareteken. I Skodje kommune er 30 % av barnehageplassane drivne av ikkje- kommunal aktør, Plassebakken barnehage BA, som er eit foreldredrive andelslag. Denne drifta har vore ein viktig føresetnad, saman med jamn utbyggingstakt i dei kommunale barnehagane, for at vi i dag har full barnehagedekning.

Variasjon og mangfald i barnehagetilbodet er viktig. Dette treng ikkje å vere knytt til kommunal eller ikkje-kommunal drift, då det viser seg at det er driftsform og ikkje eigarform som gjev variasjon. Økt konkurranse kan stimulere til utvikling og brukartilpassing i alle barnehagar. Mangfald, erfaringsutveksling, og samarbeid mellom både privat og kommunale barnehagar har difor fremma kvalitet i barnehagane i Skodje

Med dagens finansiereingsmodell er det viktig for kommunen at barn busett i Skodje vert prioritert til barnehageplass. For stor del ikkje- kommunale plassar gjev kommunen redusert muligheit til å sørgje for dette, da ikkje- kommunale barnehagar kan prioritere barn busett i anna kommune i sine vedtekter

#### 4.6 Kartlegging av den kommunale bygningsmassen av eksisterande barnehagar, samt eventuell ledig bygningsmasse

Skodje barnehage	Full utnytting av opphaldsareal ( mellombels godkjenning for 34 plassar)
Valle barnehage	Full utnytting av opphaldsareal
Stette barnehage	Full utnytting av opphaldsareal ( mellombels godkjenning for 20 plassar)

Plassebakken	
Brusdal skule	I bruk til skuledrift fram til 2013

## 5. Kvalitet i barnehagen

Kvalitetsomgrepet er dynamisk, og oppfatninga av kvalitet i barnehagen har vert, og vil vere i endring mellom anna avhengig av samfunnsendringar og synet på barn og barndom. Kvalitet i barnehagen har ei subjektiv side, og vesentlege sider ved kvaliteten er vanskeleg å måle.

I dette kapittelet har ein plukka ut kvalitetsindikatorane for ulike typar kvalitet. Desse indikatorane vil få fram det mest sentrale samtidig som det vert klarere at kvalitet er eit sammensett og krevjande omgrep som ikkje kan beskrives berre med tall.

I Skodje kommune skal kvaliteten på barnehagetenesten vurderast utifrå eit heilskapleg perspektiv. Både objektive og subjektiv indikatorar skal nyttast til å skaffe oss brei informasjon om barnehagane i Skodje samanlikna med andre kommunar. Denne informasjonen skal ligge til grunn for ein dialog kring situasjonen slik den er i dag, evaluere mål og resultat, og avgjere i kva for retning vi skal vidareutvikle oss.

### 5.1 Kvalitetsindikatorar henta frå kommune- stat rapporteringa( KOSTRA)


Kommune	Andel barnehagar med åpningstid frå 9 inntil 10 timar per dag	Andel barnehagar med åpningstid 10 timar eller meir per dag	Andel styrarar og pedagogiske leiarar med godkjent førskolelærerutdanning	Andel assistenter med førskolelærerutd, fagutd, eller anna pedagogisk utdannin	Leike- og opphaldsareal per barn i barnehage (m2)
Ørskog	100,0	0,0	100,0	46,2	5,9
Norrdal	100,0	0,0	77,8	33,3	9,8
Stranda	71,4	0,0	77,3	23,3	5,6
Stordal	100	0,0	50,0	27,3	3,7
Sykkylven	11,1	88,9	81,8	15,3	5,2
<b>Skodje</b>	<b>50,0</b>	<b>50,00</b>	<b>60,0</b>	<b>40,00</b>	<b>5,2</b>
Sula	0,0	90,00	77,4	22,8	5,0
Giske	25,0	75,0	73,9	16,1	5,0
Haram	54,5	45,5	79,6	20,0	4,4
Gj.snitt land u/ Oslo	57,7	33,3	86,4	25,8	5,6

Gj.snitt kommune gruppe 1	42,2	48,4	81,2	32,2	5,7
---------------------------	------	------	------	------	-----

## 5.2 Resultat frå brukarundersøkingar:

Dei kommunale barnehagane gjennomførte brukarundersøking i i september 2011. Dei ulike dimensjonane har 5-6 underspørsmål. ( sjå vedlegg)

Antall barn:	<b>189</b>
Planlagte svar:	<b>159</b> Utvalgsprosent: <b>84 %</b>
Antall svar:	<b>59</b> Svarprosent: <b>37 %</b>




### Tilleggsspørsmål knytt til geografisk plassering:

I kor stor grad har geografisk plassering av barnehage i forhold til bustad å seie for valg av barnehage?

1 - Svært liten grad	1	1,7 %
2 -	1	1,7 %
3 -	2	3,4 %
4 -	7	11,9 %
5 -	14	23,7 %
6 - Svært stor grad	34	57,6 %
0 - Vet ikke	0	0,0 %

### 5.3 Resultat frå medarbeiderkartleggingar





## 5.4 Resultat frå kommunen sitt tilsyn med barnehagar

Kommunalt tilsyn på barnehageområdet vert gjennomført ein gong i året. Kommunen sitt ansvar for dette er heimla i §16 i barnehagelova. Tilsynet skal så til at lover og regelverk vert følgd, og at barnehagane vert driven på ein forsvarleg og lovleg måte.

Eit tilsyn kan omfatte:

- alle krav stilt i lov og forskrift , faglege og juridiske.
- korleis det ert arbeida mot mål i styringsdokumenta.

I Skodje kommune er tilsynet organisert slik:

- gjennom rutinemessig rapportering og dialog mellom barnehagane og barnehagemyndigheit
- gjennom dialogbasert tilsyn i barnehagen ein gong i året kring det pedagogiske innhaldet i barnehagane
- det vert nedsett ei tilsynsgruppe for det årlege tilsynsbesøket. Denne består av barnehagefagleg ansvarleg hjå rådmannen, ein representant frå kvar barnehage.
- dialogmøte med foreldrerepresentantar, tilsynsgruppa , barnehageleiinga og politikarar kring rapport etter tilsyn
- Endeleg rapport for tilsyn, rullert lokal rammeplan med kompetanseplan vert lagt fram for barnehageeigar

### **Utpeiking av satsingsområde:**

Lokal rammeplan og kompetanseplan for barnehagane i Skodje har blitt utvikla i etterkant av tilsynsrunden som fungerer som ei heilskapleg vurdering av Skodjebarnnehagane sitt innhald ( sjå pkt 2.2.3)

### **Utfordringar avdekka i tilsyn:**

Overgang til rammefinansiering har medført utfordringar med gruppestorleik, norm for bemanning og oppfølging av barn med spesielle behov. Dette kom både fram i tilsynsrunden, men om i samband med budsjettprosess og evalueringa første halvår etter omlegging til rammefinansiering av barnehagar.

## 5.5 Bemanningsnormer

For å sikre barnehagar av høg kvalitet og ivareta barn sine rettar knytt til innhaldet i rammeplan og lov om barnehagar er det naudsynt med eit tilstrekkeleg tal pedagogar . Vi har et regelverk som skal sikre dette.

Førskulemangelen er stor i norske barnehagar. Både stat ,fylke og kommunar er difor forplikta til å setje igang ei rekke med tiltak for å behalde og å rekruttere førskulelærarar.

I forskrift om pedagogisk bemanning fastsett 16. desember 2005 med heimel i barnehageloven 17. juni 2005 nr. 64 § 18 sjette ledd § 1 heter det:

*"Det skal være minimum én pedagogisk leder per 14-18 barn når barna er over tre år og én pedagogisk leder per 7-9 barn når barna er under tre år og barnas daglige oppholdstid er over seks timer. I barnehager der barna har kortere oppholdstid per dag, kan barnetallet økes noe per pedagogisk leder."*

Der det ikkje er tilgang på nok pedagogar opnar lova for mellombels dispensasjon som følger av forskrift om pedagogisk bemanning §3

Barnehagelova eller forskrifter til lova stiller ikkje formelle kompetansekrav til øvrig personale i barnehagen. I barnehagane i Skodje skal det arbeidast aktivt med eit spekter av kompetansetiltak som fremmer ein kvalitativt god barnehage. Dette omfattar satsing på relasjonskompetanse og godt samspel mellom barn-vaksen. Det har over tid blitt arbeid systematisk med rekruttering av barne-og ungdomsarbeidarar , samt vidareutdanning i blant egne tilsette. Dette har resultert i at vi ligg over landsgjennomsnittet i formalkompetanse i stillingar utan formelle kompetansekrav. Når det gjeld førskulelærardekning er 60% av tilsette i pedagogstillingar formelt kvalifisert. Dette bør arbeidast aktivt med å auke denne prosentten.

Norm for grunnbemanning i Skodje kommune har fram til no blitt praktisert slik:

1 vaksen per 6 barn over 3 år

1 vaksen per 3 barn under 3 år

I tillegg har barnehagane hatt økonomisk handlingsrom til å styrke grunnbemanninga til einskildbarn eller grupper som har hatt behov for ekstra oppfølging utan at denne retten er heimla i opplæringslova. Dette har det i budsjettåret 2011 ikkje vore rom for.

## 5.6 Ein barnehage for alle

Barnehagen er eit tilbod for alle barn. Dette inneber at barnehagane gjev eit tilbod til barn med særskilde behov. Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak til barnehage, og det er kommunen som har det praktiske og økonomiske ansvaret. Barn kan etter sakkunnig vurdering ha rett til spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova og einskildvedtak vert fatta. I Skodje kommune vert desse tiltaka ivareteke av barnehagen sine tilsette pedagogar. Det har vore ei målsetjinga at desse skal ha vidareutdanning i spesialpedagogikk.

Skodje kommune har fleire tospråklege barn i barnehage. Barnehagen er den viktigste integrerings- og språkopplæringsarenaen for barn i førskolealder.

Staten yter framleis øyremerka tilskot for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklige barn i førskolealder og tiltak som aukar deltakinga av minoritetsspråklige barn i barnehagane.

Talet på barn med rett til spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova i 2011:	5
Talet på minoritetsspråklege barn i barnehagane i Skodje 2011:	8
Tilskotssum frå staten til minoritetsspråklege barn 2011:	15 000
Talet på godkjende spesialpedagogar i barnehagane:	0

## 5.7 Brukartilpassa barnehagar

*Brukartilpassa barnehagar handlar om å kunne tilby dei rette typane barnehageplassar.*

*Målet er at*

*alle skal få det barnehagetilbodet dei ønskjer seg.*

Foreldre har gjerne tilleggsbehov til det å "få" barnehageplass. Faktorar som er viktige når ein vurderer eit tilbod som godt eller lite egna, kan vere

- Daglege opningstider
- Ferieordningar
- Geografisk plassering i høve bustad/arbeidsstad
- Fleksibilitet

Foreldre skal aktivt få ta del i utviklinga av barnehagetilbodet. Brukarundersøkingar og evalueringar skal her vere viktige verktøy, saman med signal som kjem gjennom den daglege kontakten mellom barnehage og heim. I tillegg skal samarbeidsutval og foreldremøte vere arenaer der signal frå foreldra blir plukka opp.

Brukartilpassing er eit omgrep som krev eit balansert syn på kven som er primærbrukar, og kva som gagnar foreldre, barn og familien i heilskap. Barnehagen er først og fremst for barna, og ein skal derfor legge vekt på ei pedagogisk tilnærming som gir barna moglegheit til medansvar og å påverke sin eigen barnehagekvardag innafør rammene av klare vaksengrenser.

## Temaplanen sitt innspel til budsjett og økonomiplanprosess

### Satsingsområde:

**Barnehagar med kompetent personale og godt pedagogisk innhald.  
God dialog med brukarane om kvalitet og brukartilpassing.**

Verkemiddel	Konsekvensar for driftsbudsjett	Konsekvensar for investerings budsjett	Verkemiddel innanfor vidareføring av økonomisk ramme driftsramme
Vidareføre heilskapleg system for kvalitetsutvikling gjennom felles lokal rammeplan, kompetanseplan og tilsyn med fokus på barnehagen sitt pedagogiske innhald			X
Stimuleringsstøtte til tilsette som ønskjer å utdanne seg til førskulelærarar			X
Alle faste stillingar lysast ut med krav om utdanning			X
Vidareføre ordning med lokal tilrettelegging til å ta fagbrev i barnehagearbeid			X
Styrke leiarrolla i barnehagen ved å vidareføre pedleiarnettverk med fokus på leiarrolla			X
Gje gode arbeidsforhold gjennom å oppretthalde lokal norm for bemanning og gruppestorleik	Driftsbudsjett tilpassa norm		
Ha dialog med brukarane kring resultat etter brukarundersøkingar. Utvikle gode system for informasjon og brukarmedverknad			X

## Satsingsområde:

### Tilstrekkeleg antal barnehageplassar der dei er etterspurd.

### Utvikle barnehagebygg som gjev god kvalitetsmessig og rasjonell drift

Verkemiddel	Konsekvensar for driftsbudsjett	Konsekvensar for investeringsbudsjett	Iverksetjing innanfor vidareføring av ordinær driftsramme
<p>Skulekrins sitt opptaksområde og framskriving av talet på barn i alderen 1-5 år skal danne utgangspunkt for etablering av nye plassar</p> <p>Nytte lokale og nasjonale erfaringar med bygging av driftseffektive og kvalitetsmessige gode barnehagebygg</p>	<p>Driftsbudsjett for barnehagane som tek høgde for kapasitetsauke 2. halvår av kvart barnehageår</p>	<p>16 000 000- Stette barnehage (2012)</p> <p>1 000 000- forprosjekt-50-60 nye barnehageplassar i økonomiplanperioden</p> <p>15 000 000- permanente barnehageplassar i økonomiplanperioden</p>	
<p>Videreføre samarbeidet med Plassebakken barnehage slik at eventuelt nye plassar vert etablert i samsvar med det kommunale utbyggingsbehovet</p>			X

## Sentrale drøftingsspørsmål kring kvalitet og kapasitet:

- Skal/ kan visjonen for barnehagedrift i Skodje kommune vidareførast ( pkt 2.3.4)
- Kan vi vidareføre målsetjinga om at alle som ønskjer det skal få eit tilbod om plass?
- Skal barnefamiliar i Skodje få barnehageplass der dei ønskjer det?
- Behovet for barnehageplassar knytt til region/ skulekrinsar i eit 10 års perspektiv
  
- Skal barnehagane i Skodje vidareføre fleksible løysingar som :
  - -heilårsopning?
  - -brukartilpassa opningstider?
  - -fleksibilitet i val av dagar ( 2,3,4,5 eller ½ plass)?
  
- Korleis skal Skodje kommune arbeide mot full førskulelærardekning ?
- Skal målet om fagarbeidarar i alle stillingar vidareførast?
- Skal den lokale praktisering av gruppestorleik/norm for bemanning vidareførast?
- Skal minoritetsspråklege barn prioriterast til opptak i barnehagane i Skodje ?